

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Deres ref.: 202209809-15

Vår ref.: Vannkraft

Dato: 12.12.2024

Krav om revisjon av konsesjonsvilkår for Lærdalsvassdraget – kommentar frå Østfold Energi AS.

Østfold Energi AS (ØE) syner til brev dagsett 16.10.2024 frå NVE. ØE vert invitert til å kome med kommentarar til konkrete tilhøve i kravbrev som er kome inn frå Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell, Villreinutvalet for Nordfjella, Lærdal Elveeigarlag og Lærdal kommune. Det vert i tillegg bedt om kommentar eller ta stilling til følgjande:

- NVE ser det som naturleg at minstevassføringskravet frå privatrettsleg avtale mellom kommune, elveeigarlag og konsesjonær, vurderast innlemma i konsesjonsvilkåra i samband med vilkårsrevisjonen.
- Oversikt over kva som finst av relevant dokumentasjon om krava som vert stilt og kva område det kan vera behov for ytterlegare utgreiingar/dokumentasjon.
- Finst det opprustings- og utvidingsmoglegheiter(O/U) og eventuelt gode løysingar knytt til revisjonskrava?

Det vert også synt til e-post om utsett frist for kommentarar, sett til 15.12.2024.

ØE sine overordna kommentarar

Krava gjeld følgjande konsesjonar:

- Regulering av Søndre Sulevatn i Lærdalselvi, kgl.res. av 11. januar 1946
- Reguleringer og overføringer i Lærdalsvassdraget, kgl.res. av 7. oktober 1966
- Ytterligere regulering av Vassetvatn i Lærdal, kgl.res. av 24. januar 1969
- Erverv av fall/ bruksrett til fall - Stuvane kraftverk, kgl.res. av 7. desember 1984.

ØE si regulering av Sulevatn (tidlegare kalla Søre Sulevatn) er etter kva regulant er kjend med basert på reguleringskonsesjonen for Lærdalsvassdraget 7. oktober 1966 med seinare endringar. I høve konsesjon Vassetvatn har ØE inne ein søknad om endring/spesifikasjon av Vassetvatn (NVE sak 202403409).

Stuvane kraftverk er omfatta av konsesjon meddelt ved kgl. res. 7. desember 1984 der Okken kraft AS er aksjonær. ØE driftar Stuvane kraftverk i samsvar med avtale med eigar av kraftverket.

ØE har ikkje innvendingar til at NVE opnar revisjon for vassdraget.

Hovudføremålet med ein revisjon er å betre miljøforholda i regulerte vassdrag, og at dette må vegast opp mot føremålet med konsesjonen som er kraftproduksjon.

Revisjonen kan innanfor bestemte rammer gje moglegheit til å sette nye vilkår for å retta opp skadar og ulemper som har oppstått som følgje av reguleringa og som ikkje var føresett på konsesjonstidspunktet. Kunnskap skal leggjast til grunn for eventuelle endringar av vilkåra i ein konsesjon.

ØE vurderer at fleire av krava frå blant anna Lærdal Elveeigarlag peikar på tiltak og ansvar som ligg utanfor ramma av vilkårsrevisjon. Ein vilkårsrevisjon omfattar berre endringar i konsesjonsvilkåra, ikkje sjølv konsesjonsløyve. Fleire av krava som er kome inn set direkte eller indirekte avgrensingar på utnytting av sjølv løyvet og vil difor falle utanfor vilkårsrevisjon. Fleire av krava frå Lærdal Elveeigarlag er vidare av privatrettsleg karakter som også fell utanfor rammene for ein vilkårsrevisjon.

Revisjonskrav

Innkomne krav i samband med vilkårsrevisjon er lista opp under i tabell. Krava er markert med kategori som er beskrive under. Krav som ØE vurderer at ikkje er relevant for vilkårsrevisjon er markert med raud bakgrunn, i tillegg til dels generell kommentar.

- A. Minstevassføring og magasinrestriksjonar.
- B. Tiltak i og ved regulerte vassdrag. Dette gjeld til dømes fiskeutsetting, landskap og friluftsliv, villrein.
- C. Undersøkingar av registrerte negative verknadar som grunnlag for fastsetting av moglege tiltak i revisjonen.
- D. Generelle undersøkingar og utgreiingar av eventuelle negative verknadar av reguleringa, samt undersøkingar som ikkje er relatert til reguleringa.
- E. Andre krav, herunder tryggleik 3. person, innføring av vilkår og økonomiske vilkår.

Minstevassføring og magasinrestriksjonar (A)

Fleire av dei innkomne krava inngår i denne kategorien. Tiltak som innebere minstevassføring eller magasinrestriksjonar skal vera klart relatert til skadeverknadar som følge av reguleringa. Videre skal slike tiltak gje ein klar forbetring og vera dokumentert med ein tydeleg kost- og nyttevurdering for samfunnet. I diskusjon om minstevassføring, er det viktig at formål og storleik vurderast nøye. Minstevassføring som ligger over tilsiget til vassdraget i enkelte periodar, vil innebere ein indirekte magasinrestriksjon som avgrensar moglegheitene til å utnytte magasinet ned mot LRV. Tiltak må være basert på kunnskap om tilstand, behov og effekt. Utgangspunktet for avbøtande tiltak må grunngjevast i kunnskap om tilstand og kva som er behovet i vassdraget. ØE vurderer at det må visast særleg aktsemd ved innføring av krav som gjev restriksjonar på fleksibilitet og evne til å redusere flaumfare. Magasinrestriksjonar med fylling til bestemte tidspunkt vil auka faren for flaum ved å redusere fleksibiliteten i systemet.

Tiltak i og ved regulerte vassdrag (B)

Sidan konsesjonane vart gjevne er det kome fram mykje ny kunnskap om tiltak som kan utførast for å bedra på konsekvensane av regulering. ØE er positiv til habitattiltak for å betre forholda, so lenge dei er kost-nytte vurdert. Fleire av krava eignar seg betre til behandling som enkeltsaker heimla i standardvilkår i reviderte konsesjonar. Habitattiltak, kultiveringstiltak og undersøkingar er døme på tiltak som vert forvalta av miljømyndighetene i samsvar med vilkår i konsesjon, og vil krevje jamleg vurdering.

I ED sine retningslinjer er det beskrevet at «Ved obligatorisk å innføre oppdaterte standardvilkår vil vurderingstema i revisjonssakene i stor grad kunne reduserast til minstevassføring, andre vassføringsrestriksjonar og magasinrestriksjonar» [1]. Å vurdere avbøtende tiltak i forbindelse med vurdering av vilkår som kan føre til tap av produksjon og fleksibilitet, vert derimot å sjå som viktig og i samsvar med retningslinjene.

Undersøkingar i samband med revisjon (C, D)

Det er viktig at vurdering av nye vilkår blir gjort med eit godt kunnskapsgrunnlag. ØE framhevar at ved revisjon skal det gjerast ein samanlikning av eit allereie utbygd kraftanlegg sett opp mot anlegget med føreslått avbøtende tiltak. Det relevante samanlikningsgrunnlaget ved revisjon er ikkje tilstanden før reguleringa. På generell basis vurderer ØE å ha eit godt kunnskapsgrunnlag. Med bakgrunn i dette og at revisjonen skal «ta utgangspunkt i skader og ulemper som har oppstått som følge av reguleringen» [1] ber ØE om at NVE avklarar om krav til ytterlegare undersøkingar kan krevjast.

Andre krav (E)

Denne kategorien innehar krav som anten er privatrettslege, retta mot økonomisk kompensasjon eller anna som ikkje er relevant for revisjon. Krava vil bli kommentert nærare under. Slike krav er ikkje del av ein konsesjon og vi ber om at NVE klargjer dette i det vidare.

Avsendar	Krav	Kommentar	Kategori
Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell	<i>Handsame tema villrein basert på ei fagutgreiing om kraftutbygginga i Nordfjella og verknadane på leveområdet. Krav til fagutgreiing:</i> <i>o Utarbeidd med høg villreinfagleg kompetanse</i> <i>• Bruk av forskingsbaserte GIS-verktøy, som statistiske modellar (omtalt under)</i> <i>• Anerkjenn prinsippet for heilskapstenking i høve til leveområdet til villrein jf.r. konklusjonen i Kgl. Res. for Aurareguleringen og for Hemsilvassdraget, begge dat. 23.06.2021</i> <i>o Sjå Lærdalsutbyggingen i høve til villreinområdet og vektlegge samverkande effektar både med anna utbygging og med anna påverknad på leveområdet</i> <i>• Ta utgangspunkt i ein situasjon der det igjen er villrein i sone 1, der heile Nordfjella vert forvalta som ei felles stamme, jfr. målsettinga om reetablering av villrein i området.</i>	Standardvilkår vil ivareta omsyn til villrein.	D
	<i>Kvevatnet; Løysingar for landbru over Harbakkspranget (det som tidlegare var passasjen mellom det opphavlege Kvevatnet og Flågrunnsvatnet) må greiast ut. Harbakkspranget er ein plass</i>	Generelt vil ein peike på at det ligg eit godt kunnskapsgrunnlag frå tidlegare arbeid	D

	der det er stort sannsyn for at villrein vil gjenoppta trekket. Dyra søker ut på oddene frå begge sider i dag, og det finst ikkje forstyrningar i området i form av veg, sti eller anna infrastruktur. • Ein må få fram detaljkunnskap så godt som råd, om trekket oppunder dammen på Kvevatnet samt om kryssingspunkta for Kvevassvegen og kryssing av kanalisert elv nedstraums Dyrkollvatnet. • Gravdalen og konflikt med kalvingsområde må handsamast grundig • Øljusjøen; stadfesting av kva for påverknad oppdemminga har, og alvorsgraden i denne. Verknaden må sjåast i samanheng med påverknad frå stien Breistølen-Bjordalsbu då denne er peikt ut som eit fokusområde i samband med delnorm 3 i Kvalitetsnorm for villrein (med status låg grad av påverknad pr. i dag), og med ferdsel i nærområdet elles, t.d. stien BjøbergBjordalsbu. Fokus bør være på rørslemønsteret for villreinen i denne nordaustlege delen av villreinområdet, og dynamikken i høve til vidare trekk austover. • Dei tre anleggsvegane; nivå av ferdsel, potensiell fare ved endringar i bestemmingane knytt til vegane. • Pumpekraftverk under bygging (etter gode dialogar i høve terrengtilpassing og minimering av konflikt med villrein); gode løysingar for drift og tilsyn	knytt til regionalplan for Nordfjella og konsesjonar. Handtert i nyleg konsesjonssak knytt til Gravdalen. Standardvilkår vil ivareta dette. Vegar er regulert med bom. Grunneigarar har bruksrett til veg. Ferdig bygd. Selskapet har ingen nye under bygging.	E E E
	Me vil stille fylgjande krav til nye, spesifikke vilkår, i tillegg til dei generelle standard naturforvaltingsvilkåra: • Vesentleg bidrag til villreinfondet for Nordfjella. Lærdalsvassdraget har ein vesentleg høgare verknad på villreinområdet enn Hemsilreguleringen. • Bidrag i avbøtande tiltak knytt til relevante fokusområde. o For Kvevatnet, NF08, Kvevassmagasinet og NF07, Gravdalen • For Øljusjøane: NF10, Breistølen-	Økonomisk kompensasjon er ikkje del av vilkårsrevisjon.	E E

	Bjordalsbu-lungsdalshytta. • Aktuelle tiltak jfr. punktet over: o Landbru Hardbakkspranget (jfr. utgreiing, sjå over) • Avbøtande tiltak for kanalisert elv i Gravdalen • Avvise forlenga konsesjon for Gravdalen • Oppretthalde dagens regime med bomveg på dei tre anleggsvegane, med låst vegbom og naturleg framtining som hovudregel fram til midtsommar • Finne måtar for samhandling med samfunnsaktørar som påverkar ferdsel og andre inngrep	Må utgreiast, kost- nytte vurdering Konsesjon er gjeve og bygginga er i gang.	E C E E
Villreinutvalet for Nordfjella	I samband med revisjonen, må konsekvensane utbygginga har hatt for villreinstamma i området greiast ut. Det må vurderast å koma med pålegg om avbøtande tiltak som kan redusera den negeative innverknaden som utbygginga har hatt for villreinen.	Viser til eksisterande kunnskapsgrunnlag i samband med regionalplan for Nordfjella og eks konsesjonssaker.	D
	Villreinutvalet vil understreka at eit evt vedtak om bidrag til eit villreinfond ikkje må vera til hinder for å påleggja regulanten å gjennomføra avbøtande tiltak for å betra tilhøva for villreinen. Her må det vera rom for ein kombinasjon av tiltak.	Økonomisk kompensasjon er ikkje del av vilkårsrevisjon	E
	Villreinutvalet viser elles til villreinnemnda sitt krav.		
Lærdal elveeigarlag	Kultivering: LE forutsetter at klekkeriet (og løpende vedlikehold og utvikling av dette) skal bekostes av regulantene og drives av LE for regulantenenes regning (som i dag), og at dette fremgår tydelig av nye vilkår. Basert på utredning som angitt under punkt 3.2.2 bør konsesjonærene, hvis dette ikke skjer frivillig i henhold til avtale, pålegges å bekoste etablering og drift av slikt nytt klekkeri og settefiskanlegg med tilhørende nødvendige fasiliteter. Det bør nedfelles som hovedprinsipper at • etablering forutsettes å skulle skje i samarbeid med LE og de uavhengige eksperter som gjennomfører utredningene/planleggingen	Del av pålegg frå Miljødirektoratet. Vidare drift vil skje enten gjennom avtale med ekstern aktør som t.d elveeigarlag, eller i eigen regi. Kultivering blir regulert av Miljødirektoratet og må sjåast i samanheng med nyleg varsel om pålegg til ØE.	E

	• fasilitetene løpende skal vedlikeholdes og oppgraderes, slik at klekkeriet holder nødvendig standard og kapasitet til enhver tid • drift bør forutsettes gjennomført av LE (som i dag), basert på årlige budsjetter tilpasset de godkjente planer og pålegg som til enhver tid gjelder		
	Tilrettelegging for opp- og nedvandring. Tilretteleggelse for opp- og nedvandring Basert på utredning som angitt under punkt 3.3 bør konsesjonærene, forutsatt at dette ikke skjer frivillig i henhold til avtale, pålegges å bekoste etablering og vedlikehold av de tiltak som nevnes i prosjektet Oppstrøms Sjurhaug, og som ikke frarådes gjennomført på faglig grunnlag, i samsvar med konklusjonene i slik utredning.	Anadrom strekning og ivaretaking av dette vert styrt gjennom pålegg Miljødirektoratet.	E
	Temperaturløstiltak Basert på utredning som angitt under punkt 3.4 vedrørende temperaturløstiltak, bør konsesjonærene, forutsatt at dette ikke skjer frivillig i henhold til avtale, pålegges å bekoste etablering og vedlikehold av de tiltak som tilrådes gjennomført.	Viser til rapport fra Aqualife som konkludera med at det ikkje er temperaturforskjell.	E
	Tynjedalen Basert på utredning som angitt under punkt 3.5 vedrørende anbefalte tiltak for å oppnå kontroll over massetransporten fra Tynjedalen, bør konsesjonærene, pålegges å bekoste etablering og vedlikehold av de tiltak som tilrådes gjennomført, og som ikke bekostes/vedlikeholdes av andre på annet grunnlag.	Kuvelda er eit anna vassdrag, med andre aktørar i. Privatrettsleg.	E
	Sedimentering, Pilotprosjektet, plan for framtida. Basert på utredning som angitt under punkt 3.6, bør konsesjonærene, forutsatt at dette ikke skjer frivillig i henhold til avtale, pålegges å bekoste og gjennomføre den detaljplan for reparasjon av elva som anbefales, herunder bekoste løpende vedlikehold og naturlige/nødvendige justeringer. • etablering bør forutsettes å skulle skje i samarbeid med LE og de uavhengige eksperter som har foreslått detaljplanen • vedlikehold bør forutsettes gjennomført av LE basert på årlige budsjetter tilpasset de planer som til enhver tid gjelder.		E

	Kiler og sideelver. Basert på utredning som angitt under punkt 3.7 bør konsesjonærene, forutsatt at det ikke skjer frivillig i henhold til avtale, pålegges å bekoste gjennomføre de i tiltak vedrørende restaurering av kiler og etablering av nye oppvekstområder (og vedlikehold av disse (som anbefales gjennomført. – Gjennomføring bør forutsettes å skulle skje i samarbeid med LE og de uavhengige eksperter som har foreslått detaljplanen. – Vedlikehold bør forutsettes gjennomført av LE basert på årlige budsjetter tilpasset de planer som til enhver tid gjelder, i samarbeid med konsesjonærene.	Privatrettsleg. Svært mange ulike elvevald og grunneigarar. ØE har i fleire konkrete prosjekt etter ei samla vurdering av kost-nytte vurdering, finansiert kilerestaurering der elveeigarlag står som tiltakshavar, har sikra at grunneigaravtalar er på plass og med føresetnad at vedlikehald vert handtert av grunneigarar.	E
	Minstevannføringskrav Basert på utredning som angitt under punkt 3.8, bør konsesjonærene pålegges minstevannføringskrav i tråd med de anbefalinger som gis, og minimum tilsvarende det som gjelder i dag.	Bør vurderast innlemma i revisjonsarbeidet	A
	Andre vannføringsbegrensninger og tilknyttede bestemmelser. Det vises til punktene 3.9 til 3.11. Det forutsettes presisert og klargjort at LE's tolkning av dagens regler for «døgnregulering» og «maksimal produksjon» gjelder, herunder at det ikke er grunnlag for unntak fra denne under henvisning til hva som ellers utgjør «akseptabel» opp- og nedkjøring av produksjonen. Det forutsettes fastsatt vilkår knyttet til avvik fra minstevannføringskravene, og kravene til «myk kjøring», i samsvar med anbefalingene i slik vurdering som angitt i punkt 3.10 (og andre prosjekter som angitt i punkt 3), herunder mht. datatilgang, kontroll, sanksjoner, muligheter for lokal påberopelse osv. Det forutsettes vedtatt vilkår som reduserer risikoen for dropp i samsvar med det som blir anbefalt etter gjennomføring av risikoanalyse og andre vurderinger. Det forutsettes også vedtatt vilkår som sikrer at det ikke oppstår uønskede situasjoner smoltutvandringsfasen.	Standardvilkår for vilkårsrevisjon dekkar dette. Regulant held seg til konsesjonsvilkåra til ein kvar tid.	A, C, D
	Næringssalter og demningseffekt. Basert på utredning som angitt under punkt 3.12, bør konsesjonærene, forutsatt at dette ikke skjer frivillig i henhold til avtale,		E

	pålegges å bekoste og gjennomføre de råd som eventuelt gis vedrørende næringsoppfølging i slik utredning.		
	Målinger, datatilgang kontroll og sanksjoner Basert på utredninger som angitt under punkt 3.13, bør konsesjonærene, forutsatt at dette ikke skjer frivillig i henhold til avtale, pålegges å bekoste og gjennomføre de råd som eventuelt gis vedrørende de temaer som angis der. I denne forbindelse er det også behov for etablering av retningslinjer for hva som skal måles og hvordan, og for vilkår om løpende kontroll av måleutstyr	Ikkje omfatta av ein vilkårsrevisjon.	E
	Løpende oppfølging - eventuell økonomisk reserve Basert på utredninger som angitt under punktene 3.14 (se også punkt 4.1) vedrørende løpende lokal oppfølging og finansiering av denne, bør konsesjonærene, forutsatt at dette ikke skjer frivillig i henhold til avtale, pålegges å bekoste og gjennomføre de råd som eventuelt gis vedrørende de temaer som angis der.	Økonomisk kompensasjon er ikkje omfatta av vilkårsrevisjon.	E
Lærdal kommune	Lærdal kommune ber om at fylgjande moment bør vurderast i ein vilkårsrevisjon (lista er ikkje uttømmmande): Levevilkår for villrein – jf. Stortingsmelding om villrein. Levevilkår for villaksen i Lærdalselva. Vegar og ferdsel i fjellet Oppdatering av kunnskap – naturmiljø, kulturmiljø m.v. Avbøtande tiltak t.d fond til ålmennyttige formål, tiltak som betrar levekåra til villaksen og villreinen Vassføring og magasinifylling/tapping Vasskvalitet – vasstemperatur Interesse for ålmenta – t.d. friluftsliv, jakt og fisk		C, D E C, D C, D B A, C, D, E D

Minstevassføringskravet frå privatrettsleg avtale

ØE delar synet til NVE om at det er naturleg at minstevassføringskravet frå den privatrettslege avtalen vert innlemma i konsesjonsvilkåra.

Opprustings- og utvidingsmoglegheiter

Det må påreknast kontinuerleg oppgradering av våre kraftverk i vassdraget med mogleg opprusting og utvidingsmoglegheiter dei neste 5 – 30 åra. Pr i dag er dei mest omfattande konkrete planane ombygging av dammar og reguleringsanlegg som følgje av nye krav til dam tryggleik. Kraftverka står no bl.a framfor omfattande rehabiliteringar på grunn av tilstand og levealder. I samband med dei ulike rehabiliteringar vil det bli vurdert å auke reguleringsgraden, sjå på fleksibilitet, auka effekten eller liknande. Effekten kan bl.a aukast anten gjennom å auka slukeevna eller gjennomføre tiltak i vassvegen for å redusera falltap. Andre prosjekt vil ein måtte sjå i samanheng med tiltak i vassdraga.

I høve om det finst gode løysingar knytt til revisjonskrava sett opp mot opprustings- og utvidingsmoglegheiter, så har ØE starta å sjå på dette, men det er for tidleg i prosessen til å gje noko svar her. Energimarkedet i Noreg er i endring og på lik linje med andre energiselskap i Noreg, so må ØE sjå på nye løysingar for å tilpasse oss kraftbehova i framtida.

Eventuelt behov for ytterlegare utgreiingar/dokumentasjon

ØE har god oversikt over tilstanden i Lærdalsvassdraget. Samarbeidet med fleire forskingsmiljø og offentlege etatar over fleire (ti)år, gjer at kunnskapsgrunnlaget i vassdraget er svært godt. Undersøkingar gjort i samband med utførte tiltak, blant anna kilerestaurering og tilsvarande miljøtiltak, fiskeutsetting og prøvefiske, kultivering, tiltaksplanar, temperatur m.m gjev god kunnskap om tilstand og flaskehalsar i vassdraget. Gjennom miljødesign prosjektet og seinare tiltaksplanar for blant anna kilerestaurering har ØE søkt å finne gode løysingar for kraftproduksjon og miljø i regulert vassdrag. ØE vil halde fram arbeidet, uavhengig om det vert opna for vilkårsrevisjon eller ikkje.

ØE vil særskild syne til NINA rapport 2375 "Undersøkelse av fremtidig behov og muligheter for kultivering av fisk i Lærdalselva" som gjev ei god samanstilling av eksisterande faktagrunnlag som eksistera for vassdraget.

I eit revisjonsdokument vil ØE vise til den dokumentasjonen som er relevant. Det er store mengder faglege utgreiingar frå konsesjonstidspunktet og framover, som det vil vera svært omfattande å syne til i dette brevet. Vi har ikkje etablert ein fullstendig oversikt over relevant dokumentasjon og underlagsmateriale. I eit revisjonsdokument vil vi systematisere dokumentasjon, herunder sluttrapportar og evalueringar frå ulike kartleggingar og prosjekt.

Oppsummering og vidare prosess

Det er kome eit betydeleg tal krav og fleire har eit større omfang. Ved eventuell opning av revisjon ønskjer ØE å bidra til ein god og kunnskapsbasert prosess. Fleire av krava er ikkje konkretisert eller dokumentert. ØE ber om at NVE avklarar krav som er relevante og ikkje relevante for vilkårsrevisjon for å sikre ein best mogleg prosess vidare og som ikkje minst dempar konfliktnivå vidare i prosessen. ØE vil vektleggja konstruktiv dialog med kravstillarane og NVE og vi stiller oss til disposisjon for møte og synfaringar, men det er viktig for prosessen vidare at tema som ikkje er relevante vert luka vekk i tidleg fase. Nokre av krava er kommentert dels på generelt grunnlag. Ved eventuell opning av vilkårsrevisjon vil ØE kommentere dei krava som er relevant å ta med vidare i revisjonsarbeidet, meir i detalj. Krav som ØE oppfattar ikkje er relevant i vilkårsrevisjon er markert særskild i raudt i dette brev. Resterande krav har ikkje ØE funne naturleg å ta stilling til i denne fasen.

Med venleg helsing
Østfold Energi AS

Oddmund Kroken
Administrerende direktør

Jan Olav Å. Møller
Prosjektsjef

(Brevet er godkjent elektronisk og er utan signatur)